

Arbeidsplan for Jostedal Spel og Dansarlag for året 2002.

- Skipe til gamaldanskveld ein gong i vår og ein gong til hausten
- Halde fram med dei aktivitetane me har:
 - dansekurs
 - felekurs på ymse nivå
 - trekkspelkurs
 - toraderkurs
 - øving i spelemannslaget
 - songstunder
- registrering av laget sine eigneluter (instrument, lydanlegg m.m)
- Ny verkstadhelg til hausten for å kanskje få med nye vaksne og born på aktivitetar. Få med tidlegare aktive.
- Halde medlemmane orienterte gjennom medlemsnytt
- Halde årsmøte
- Skipe til konsertar, gjerne med tilreisande utøvarar.
- Delta på lokale arrangement
- Delta på kappleikar
- Delta på juniortreff
- Delta på landskappleik / landsfestival
- Sende born til Mokurs
- Skipe til julebord med dans etter gamaldansmusikk
- Arrangere Bingo

Årsmelding for Jostedal Spel-og Dansarlag for året 2001.

Året 2001 har vore eit aktivt år for Jostedal Spel-og dansarlag. Årsmøte vart halde den 27.januar på Solvang Kafe og Pensjonat.

Styret vart då: Anne Kristin Haugen, leiar
Arnfinn Gjerde, nestleiar
Dagrun Hesjevoll, kasserar
Mari Ormberg, skrivar
Odd Arne Myklemyr, styremedlem
Tordis Vigdal og Asbjørg Ormberg varamedlemer til styret.
Sidan august har Asbjørg Ormberg møtt for Mari Ormberg i styret.

Det har vore halde 9 styremøte og handsama 24 saker gjennom året.
Det er 58 medlemmer i laget

Aktivitet i laget.

- Det vert drive opplæring på fele på fleire nivå, Harald Hesjevoll instr.
- Faste øvingar i spelemannslaget (kvar onsdagkveld)
- Kurs i kontrabass-speling, siste delen i januar
- Det vart arrangert fylkeskappleik 23-25 mars 2001 (meir om det seinare)
- Ein har vore med på 17.mai-tilskiping i bygdi
- Laget har delteke med programmet "Bryllaup i gamal tid" på Luster kommune sine julebord den 24.11 og den 1.12 i Samf.huset
- Det vart skipa til skalkafest for alle som hadde hjulpet til på fylkeskappleiken. Ope hus i Dølaheimen med dans etterpå.
- Mange har delteke på ymse kappleikar, kurs og stemne. (meir seinare)
- Det vart halde verkstadhelg 14-15 august for å lodde interessa for nye grupper i song, spell og dans. Resultatet vart:
Nystarta grupper med opplæring i
 - dans der Lars og Sigrun Vigdal er instruktørar,
 - trekkspell der Harald Hesjevoll er instruktør,
 - felespell der Harald Hesjevoll er instruktør,
 - toradarspel der Odd Arne Myklemyr og Arnfinn Gjerde er instruktørar.
- Laget skipa til julebord på Solvang kafe og pensjonat den 21.12.01. Helene Myklemyr spela til dans, og Harald Hesjevoll var med på fele innimellom.
- Laget er med og arrangerer Bingo i Jostedalen.
- Det blir sendt ut Medlemsnytt til alle medl. i laget nokre gonger for året.
- Det er starta ei songgruppe! Lære gamle tonar og tekstar.

"Ambassadører" for laget:

På fylkeskappleiken i Jostedal 23.-25 mars deltok:

- Morten Vigdal og Jorunn Vigdal i dans kl A
- Sigrun Vigdal og Lars Vigdal i dans, kl. D
- Ove Haugen og Britt Elin Fossøy, dans kl. B
- Spelemannslaget m. komp
- Spelemannslaget u. komp
- Harald Hesjevoll og Helene Myklemyr (vann)
- Lagdans (vann)
- Elses gamaldansorkester
- Breatrekken
- Asbjørg Ormberg var med på opningskonserten
- Jarle Sperle var konferansier
- Oddbjørg Ese var dommar
- Morten Vigdal hadde ansvaret for lyden.

På Vestlandskappleiken på Vassenden den 5.-7.oktober deltok

- Morten Vigdal og Anne Kristin Haugen, dans kl. A

På Landskappleiken i Rauland deltok:

- Mari Ormberg, spel hardingfele kl. B
- Lars og Sigrun Vigdal, dans kl.D

På Landsfestivalen for gamaldans i Melhus var Harald Hesjevoll domar
På Bløningsfestivalen i Kinsarvik 18.-20. mai var Reidun Hesjevoll domar
Mari Ormberg har vore med på Austlandskappleiken og fleire lokale
kappleikar i Telemarksområdet. (Ho er elev ved Høgskulen i Rauland)
På Mokursa deltok 4 born, alle i felespell

Harald Hesjevoll har repr. laget på årsmøtet i Sogn og Fj. Folkemusikklag.
Dagrunn Hesjevoll har repr. laget på landsmøtet i LFS.

Litt meir om fylkeskappleiken: Det var Harald og Dagrun Hesjevoll som sa ja til å skipe til denne kappleiken i Jostedal, vel vitande om at alle som vart spurde sikkert ville stille opp og hjelpe til. Dugnadsarbeid vart det, mange hjelpte til på ymse vis, og kappleiken vart avvikla på ein svært tilfredsstillande måte.

Kappleiken gav pengar i kassa, og den gav ny kveik både til dei som driv med ymse opplæring i folkemusikk, song og dans her i bygdi og til dei som har lyst å lære litt og vere med i dette miljøet. Spesielt kjekt var det å sjå borna som var med på dansen både fredagskvelden og laurdagskvelden. Her var dei ikkje "teite" eller unormale om dei var med og dansa.

Jostedal Spel-og Dansarlag vil takke alle som hjelpte til på fylkeskappleiken og som elles har støtta laget gjennom året som har gått.